

Jondal Nasjonalparklandsby – utviklingskonsept

Jondal vil nytte statusen som nasjonalparklandsby til å fremje verdiskaping basert på det store unytta potensialet som ligg i vår unike tilkomst til Folgefonna, og på natur- og kulturkvalitetane i Jondal sentrum. Verdiskapinga må finne stad gjennom gode løysingar for å meistre spenningsfeltet mellom kommersiell utnytting av natur- og kulturarven, og berekraft-prinsippet. Me ynskjer òg å bruke statusen som nasjonalparklandsby til å styrke Jondal som eit dynamisk, livskraftig og attraktivt lokalsamfunn prega av skaparlyst og bulyst.

Me vil ha eit tett samarbeid med dei andre nasjonalparklandsbyane i Norge for fellestiltak, erfaringsutveksling og felles utviklingsstrategi.

Jondal kommune deltek som ein av fem kommunar i Stiftinga Folgefonna Nasjonalparksenter sin søknad til Verdiskapingsprogrammet. Prosjektet ”Frå Fjord til Fonn” har målsetnad om å utvikle Folgefonnhalvøya til det leiande berekraftige reisemål i Noreg. Gjennom denne satsinga skal Jondal kommune, med heile kommunen som geografisk nedslagsfelt, vidareutvikle reiselivsprodukt innan strategiane:

1. Sykkelstiar
2. Vandring
3. Formidling av kunnskap
4. Aktivitetar fjord, vatn, elv, fjell og fonn
5. Pakking av tiltak
6. Fellesfinansiering


Som delprosjekt i Noregs Nasjonalparklandsbyar er fokuset på heilskapleg lokalsamfunns-utvikling. Satsingsfeltet er geografisk konsentrert i Jondal sentrum og i randsona rundt Folgefonna Nasjonalpark, der Folgefonn Sommarskisenter og Folgefonna Breførarlag har sine aktivitetsområde. Strategiane er skildra i figuren til sist i dokumentet.

Hovudstrategi

Nasjonalparklandsbystatusen har allereie vist seg som samlande for sterkare innsats på samfunnsutviklinga i brei forstand. Dei hovudelement som me tek tak i er

- a) vidareutvikling av kommersielle produkt og tenester gjennom kompetanse- og kvalitetssikring
- b) satsing på betre tilrettelegging av fellesgode gjennom stadsutviklingstiltak og annan tilrettelegging
- c) målretta marknadsføring / omdømmebygging av landsbyen som reisemål og bustad.

Som grunnlag ligg statusen som nasjonalparklandsby med sterkt fokus på berekraftprinsippa.



Forventa utfall av den lokale og nasjonale satsinga er ei berekraftig lokalsamfunnsutvikling med spesiell fokus på utvikling og entrepenørskap i næringslivet, omdømme, trivsel og miljø eller verdiskaping i heile si breidd.

Samarbeidspartar og aktørar

Jondal er tatt opp som småsamfunnssatsingsprosjekt (KRD), og som eitt av tre hovudprosjekt i "LivOGLyst" –eit utviklingsprogram frå Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Innovasjon Norge. Dei to programma har blitt samla i eitt paraplyprosjekt; Folgefonnlandsbyen Jondal. Rundt 100 innbyggjarar deltek i 11 landsbyteam med ulike ansvars- og tiltaksområde. Teama er ein viktig del av Jondal Nasjonalparklandsby sitt operative nivå.


Andre samarbeidsaktørar er Folgefonni Breførarlag, Folgefonn Sommarskisenter, Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen, Statens Vegvesen, Viketunnefnda, Stiftinga Folgefonna Nasjonalparksenter, grunneigarar, Jondal Jakt- og Fiskarlag, Jondal Bygdela, Statskraft, Jondal Næringslag og Jondal Reiselivslag.

Organisering og konkrete satsingsfelt 2009-2013

Jondal Nasjonalparklandsby har ei lokal arbeidsgruppe samansett av:

- Ordførar i Jondal kommune
- Prosjektleiari
- Representant frå Folgefonni Breførarlag
- Representant frå Folgefonn Sommarskisenter

Som utgangspunkt for satsinga i Jondal ligg ein avklart organisering og ein del avklarte satsingsfelt i tillegg til utvikling av konsept og innhald på nasjonalt plan. Dette er skildra i figuren under:



NATURSERVICE

- a) 2009: Ny universelt utforma sykkel- og vandrestei i Nasjonalparklandsbyen, med bygging av gangbru over Jondalselva
- b) Tilrettelegging i natur med god kvalitet for besøkande og lokale brukarar. Spesielt fokus på tiltak som gjev positive effektar for utvikling av berekraftig bruk av naturen og gode naturopplevingar
- c) Fysisk tilrettelegging

FINANSIERTE TILTAK 09

- a) turstien er finansiert (ikkje gangbrua)

STADSUTVIKLING

- a) 2009-2010: Planlegge og tilrettelegge friluftsområdet rundt aktivitetshuset "Juklafjord"
- b) 2009-2011: Sentrumsoppusting
- c) Områdeplan for Folgefonna Sommarskiser / randsone nasjonalpark
- d) Oppgradering av skilt i Jondal sentrum

FINANSIERTE TILTAK 09

- b) Byggesteg 1 er fullfinansiert

NATURVEILEDNING OG INFORMASJON

- a) 2009: Turkart
- b) 2009: Kart over Nasjonalparklandsbyen
- c) Utvikle Juklafjord som kompetansesenter for økoturisme
- d) Utvikle kunnskapsutstilling ved Jondal Turistinformasjon
- e) Utvikle undervisningsopplegg om natur og verneområder i samarbeid med nasjonalparklandsbynettverket og Jondal Skule

FINANSIERTE TILTAK 09

- a+b) Begge karta er finansiert

ØKOLØFT og LOKALMAT

- 2009: Utvikle smaken av landsbyen:
- a) Landsbymeny
- b) Landsbydrikk

FINANSIERTE TILTAK 09

- Utvikling, design av etikketar, tapping osv av drikk og meny er finansiert.

REISEMÅLSUTVIKLING

- a) Auka aktivitet på Viketunet (lensmannsgård, eldste hus frå 1611).
- b) Lage produktpakker i tråd med økoturismekonseptet.
- c) Skape innovativ synergi mellom fjellvandring og geochatching

FINANSIERTE TILTAK 09